



Kvinnheradstiftinga

Retningslinjer for kapitalforvaltninga i SpareBank 1-Stiftinga Kvinnherad

Vedteke av styret 13.01.2026



Innhold

1. Føremål	2
2. Målsetjingar for forvaltning av frie midlar	2
2.1 Norm for disponering av årsresultatet til stiftinga	3
3. Rammer og avgrensingar for frie midlar	3
3.1 Organisering av kapitalforvaltninga	3
3.2 Investeringsuniverset til stiftinga	4
3.3 Generelt om risikospreiing	4
3.4 Avkastningsønsket og langsiktig investeringsstrategi	4
3.5 Rutine for rebalansering	5
4. Val av forvaltarar	5
4.1 Handtering av relativ risiko	5
4.2 Handtering av valutarisiko	6
4.3 Krav ved bruk av rentefond	6
4.4 Krav til bruk av aksjefond	7
4.5 Etske og berekraftige vurderingar	7
5. Rutinar for rapportering	7
6. Vedlegg – frie midlar, kapitalbehov, disponering, investeringsstrategi og rebalansert portefølje	8
6.1 Frie midlar og andre nøkkeltal	8
6.2 Kapitalbehov i SpareBank 1 Sør-Norge	8
6.3 Disponering av årsresultat	9
6.4 Uavhengig kontrollfunksjon	9
6.5 Langsiktig investeringsstrategi	9
6.6 Langsiktig portefølje etter rebalansering 11.06.2025	10
6.7 Oppsummering av innhald i avtale med eksisterande forvaltar og fullmakter	10
7. Versjonslogg	13

1. Føremål

Retningslinene skal vera eit styringsverktøy for stiftinga si langsiktige og ansvarlege kapitalforvaltning. Kapitalforvaltninga til stiftinga skal vera enkel å kommunisera, tydeleg i gjennomføringa og kunne etterprøvast med tanke på oppnådde resultat.

Stiftinga sitt føremål er forankra i "Skipingsdokument for SpareBank 1-Stiftinga Kvinnherad" og i vedtektene § 1-2.

1. Stiftinga skal forvalta eigarinteressa i SpareBank 1 Sør-Norge ASA på en måte som støttar opp om stabilt eigarskap og vidareføring av sparebanktradisjonane.
2. Stiftinga skal sørge for ei forsvarleg forvaltning av frie midlar
3. og utbetala årlege gåver til lokale ålmennyttige føremål.

Styret gjev i dette dokumentet eit framlegg til *Innhald* i dei føringane som er gjevne i § 2-7 i vedtektene. Det er punkt 2 ovanfor om forvaltninga av *frie midlar*¹ som vert omtala i dette dokumentet. Styret har i tillegg inkludert ei norm for disponering av årsresultatet til stiftinga.

2. Målsetjingar for forvaltning av frie midlar

Stiftinga sine *frie midlar* skal forvaltast på ein forsvarleg måte, slik at det til ei kvar tid blir tatt tilstrekkeleg omsyn til tryggleiken og moglegheitene for å oppnå ei tilfredsstillande avkastning for å ivareta stiftinga sitt føremål.

Stiftinga sin eigarandel i banken ligg fast, og kan ikkje endrast utan særskilt vedtak i generalforsamlinga med tilhøyrande godkjenning av Finanstilsynet. Forhold knytt til eigarskapsutøvinga i banken er derfor ikkje ein del av dette dokumentet.

Målsetjinga om å utbetale årlege gåver tilseier at ein bør ha ei mest mogleg føreseieleg avkastning, som står i forhold til dei årlege gåveforpliktingane. Dette indikerer låg til moderat risiko i forvaltninga av frie midlar. Styret er innforstått med at målsetjingane om å utbetale årlege gåver og å samstundes sikre det langsiktige eigarskapet i banken, til dels kan vere motstridande. Styret er vidare innforstått med at storleiken på frie midlar (sjå vedlegg 6.1) er vesentleg høgare no enn tidlegare, og blir vurdert som tilstrekkeleg til å kunne dekke både årlege driftskostnader og eventuelle gåveforpliktingar. Samtidig blir nivået på frie midlar vurdert som tilstrekkeleg til å utgjere ein realistisk buffer i tilfelle framtidige emisjonar i banken eller andre ekstraordinære kapitalbehov (sjå vedlegg 6.2).

Stiftinga er avhengig av utbyttekapasiteten til SpareBank 1 Sør-Norge, då denne aksjen utgjer ein vesentleg del av formuen til stiftinga og ein stor del av frie midlar (sjå vedlegg 6.1). Derfor har stiftinga ei sårbarheit i tilfelle utbytte skulle utebli, men risikoen for dette gitt den solide kapitalposisjonen til banken er låg (sjå vedlegg 6.2).

Gjennom gåvetildelingar, investeringar og eigarskap i SpareBank 1 Sør-Norge skal stiftinga bidra til å fremje og stille krav til berekraftig utvikling i samfunnet. FN sine berekraftsmål nr. 3 (god helse og livskvalitet), nr.10 (mindre ulikskap) og nr. 11 (berekraftige byar og lokalsamfunn) er

¹ Med "frie midlar" er det meint bankinnskot, mottatt utbytte frå SpareBank 1 Sør-Norge, aksjar i SpareBank 1 Sør-Norge definert som omløpsmidlar og fond definert som omløpsmidlar, fråtrekt allereie kortsiktige forpliktingar til gåver utanom antekne driftskostnader.

retningsgjevande for stiftinga sitt arbeid. Stiftinga har fokus på berekraftig forvaltning. Administrasjonen har dialog med stiftinga sin forvaltar (sjå vedlegg 6.7 om forvaltar) for å fremje fokuset på sosiale, miljømessige og forretningsetiske forhold (ESG).

Styret vil vidareføre ei forsvarleg forvaltning av frie midlar som dekker stiftinga sine driftskostnader, men opnar samtidig for ei meir langsiktig og diversifisert plassering som skal sikre realavkastning og nødvendig buffer for framtidige behov. Dette inneber eit avkastningsønske og ein tilhøyrande investeringsstrategi som er nærare skildra i avsnitt 3.4.

2.1 Norm for disponering av årsresultatet til stiftinga

Det er generalforsamlinga i stiftinga som vedtek disponering av årsresultatet. Styret ønskjer samtidig, som ein del av si langsiktige planlegging, å fremje sine forslag etter følgjande norm i vedlegg 6.3.

Den fastlagde norma skal aktivt kommuniserast ut mot omgjevnadane, for dermed å bidra til å skape realistiske forventningsdanningar til gåveutdeling i lokalsamfunnet. Norma blir vurdert av styret til å vera ei langsiktig forsvarleg disponering. På grunn av stiftinga si eksponering i SpareBank 1 Sør-Norge så vil det kunne førekomme store svingingar i årsresultatet. Styret sitt forslag til disponering av årsresultatet vil i slike tilfelle kunne avvike frå grenseverdiane i norma.

3. Rammer og avgrensingar for frie midlar

Styret kan påverka samansetjinga av frie midlar, idet eigarskapen til banken ligg fast. Forvaltninga skal vere enkel for styret å kommunisera ut, transparent i gjennomføringa samt etterprøvbar med omsyn til oppnådde resultat.

3.1 Organisering av kapitalforvaltninga

Overordna prinsipp

Kapitalforvaltninga skal organiserast i samsvar med:

- Stiftingslova §30 (forsvarleg forvaltning)
- Finansføretakslova §12-19 andre ledd (krav til forsvarleg kapitalplassering)
- Finansføretakslova §12-22 første ledd (krav til forsvarleg forvaltning)

Styret sitt ansvar

Styret har ansvar for:

- Forsvarleg organisering av kapitalforvaltninga
- Kompetansevurdering av eiga rolle og forvaltningskompetanse
- Uavhengig kontroll av forvaltninga
- Godkjenning av forvaltarar og rammer
- Vurdering av etikk, berekraft og ESG

Administrasjonen

- Sørger for dagleg oppfølging
- Innhentar rapportar og kvalitetssikrar data
- Gjennomfører rebalansering (sjå punkt 6.)
- Førebur saker for styret

Uavhengig kontroll og vurdering av styret sin kompetanse knytt til kapitalforvaltninga

Det skal vere etablert ein uavhengig kontrollfunksjon (sjå vedlegg 6.4) dvs. at personar som ikkje er involvert i dagleg kontakt med forvaltar skal:

- Kontrollere om mandat blir etterlevd
- Verifisere rapportering
- Vurdere risiko
- Rapportere avvik til styret
- Gjennomgang av styreinstruks, instruks for dagleg leiar og eignaheitsvurderingar

3.2 Investeringsuniverset til stiftinga

For å oppnå den ønska eksponeringa av risiko skal det kun nyttast verdipapirfond som er etablert av godkjente verdipapirføretak eller verdipapirfondsføretak (og underlagt tilsyn av offentlege tilsynsmyndigheiter). Ved bruk av verdipapirfond vil ein automatisk oppnå ei kostnadseffektiv diversifisering, og dette skal derfor nyttast. Det er anledning til å investere i fond som inneheld følgande aktiva:

- Norske børsnoterte aksjar
 - Investeringar i eigenkapitalinstrument notert på Oslo Børs og Euronext Expand, inkludert selskap innan ulike sektorar. Porteføljen kan omfatte både store, mellomstore og mindre selskap med hovudverksemd i Norge.
- Internasjonale børsnoterte aksjar
 - Aksjar notert på internasjonale børser i Europa, Nord-Amerika, Asia og framveksande marknader. Investeringane kan gjerast gjennom aksjefond.
- Norske obligasjonar
 - Obligasjonar lagt ut av norske statlege, kommunale og private føretak, inkludert både investment grade og high yield. Porteføljen kan også omfatte sertifikat og andre renteberande verdipapir med utstedere heimehøyrande i Norge.
- Internasjonale obligasjonar
 - Renteberande verdipapir frå utanlandske utferdarar, inkludert statspapir, selskapsobligasjonar og strukturerte gjeldsinstrument. Eksponeringa kan vere både i etablerte marknader og framveksande økonomiar, og kan sikrast eller ikkje sikrast mot valutarisiko.
- Norsk pengemarknad
 - Norske pengemarknadsfond med rentebinding under 1 år, statssertifikat, statskassevekslar, sertifikat, bankinnskott og andre pengemarknadsinstrument lagt ut av norske banker og føretak med løpetid under 1 år.

Investeringar i hedgefond, eigedom og private equity og enkeltpapir skal ikkje førekome, utanom etter styret si godkjenning i kvart enkelt tilfelle.

3.3 Generelt om risikospreiing

Stiftinga si forvaltning skal vere godt diversifisert, både i form av fordeling på fleire aktivaklassar men også god spreing på utstedere innad i den enkelte aktivaklasse. Ei fordeling av porteføljen på norske og internasjonale kapitalmarknader vil også redusere porteføljen sin samla risiko.

3.4 Avkastningsønsket og langsiktig investeringsstrategi

Forvaltninga skal balansere ønsket om tilfredsstillande realavkastning mot kravet om moderat risiko og tilstrekkeleg likviditet til å dekke årlege driftsforpliktingar. Investeringsstrategien tar utgangspunkt i ein langsiktig horisont, der stabil og føreseieleg avkastning er prioritert.

Stiftinga si kapitalforvaltning skal over tid dekke årlege driftskostnader, som per i dag utgjør om lag 3 mill.kr, tilsvarande 2 % av samla frie midlar per 31.12.2024 (sjå vedlegg 6.1). Med dagens nivå på frie midlar og likviditetsbuffer som ein del av dei frie midlane, under dette betydelege bankinnskott, blir det vurdert som realistisk at løpande driftsforpliktingar kan dekkast fullt ut utan å måtte realisere investeringar på ugunstige tidspunkt. I tillegg vil det vere årleg tilførsel av kapital når stiftinga har overskot. Samtidig skal forvaltninga legge til rette for ei årleg inflasjonsjustering av kapitalen i storleiksorden 2-2,5 %, samt oppretthalde ein forsvarleg buffer for framtidige behov. I tillegg til løpande drift skal kapitalforvaltninga ta omsyn til eit mogleg framtidig kapitalbehov knytt til stiftinga sitt eigarskap i banken. Eit slik behov kan forventast å oppstå i periodar med auka vekst frå banken, ved makroøkonomisk usikkerheit, samt ved høgare volatilitet i finansmarknadane. Strategien skal derfor utformast slik at stiftinga i størst mogleg grad unngår tvungen realisering av aktiva på ugunstige tidspunkt. Dette inneber at omsynet til likviditet, rammer og rebalansering inngår som ein integrert del av forvaltninga.

Avkastningsmålet er formulert som eit langsiktig nominelt mål i intervallet 7–9 % årleg, basert på dagens marknadssituasjon. Dette tilsvarer ei venta realavkastning på om lag 5–6,5 % etter inflasjon. Stiftinga sin langsiktige investeringsstrategi er utforma som ei prosentvis fordeling av midlane mellom ulike aktivaklassar og marknadar, med tilhøyrande fridomsgrader oppgjeve i vedlegg 6.5. Dersom ein antar eit rentenivå som i dag (styringsrente per november 2025) på ca. 4 %, vil ein portefølje på 60 % aksjefond og 40 % rentefond med høvesvis 6- og 2-prosentpoengs risikopremie, gje ei årleg venta nominell avkastning på rundt 8 %. Fell rentenivået til 2 % blir dette rundt 6 % årleg venta nominell avkastning. Det må presiserast at nominell avkastning vil variere med rentenivået over tid. I eit langsiktig perspektiv er målet å bevare realverdien av kapitalen, dekke løpande driftskostnader og oppnå ein rimeleg kompensasjon for påteken risiko, snarare enn å styre etter eit fast nominelt avkastningskrav i kvart enkelt år. Derfor blir det lagt opp til vurdering av avkastningsmålet over ein rullerande periode på minimum 3-5 år.

3.5 Rutine for rebalansering

Den faktiske samansetninga av aktiva vil endrast ettersom dei ulike marknadane vil utvikle seg ulikt. Ved regelmessige tidspunkt må derfor samansetninga av aktiva ”rebalanserst” tilbake til utgangspunktet for å behalde det risikonivået som stiftinga har fastlagt i sin langsiktige strategi vist i vedlegg 7.3.

Porteføljen skal minimum rebalanserst årleg, eller når faktiske porteføljevекter er lik maksimums- eller minimumsgrensene. Løpande justeringar blir føretatt av administrasjonen. Sjå vedlegg 6.6 for siste rebalansering av porteføljen opp mot mål.

4. Val av forvaltarar

Stiftinga skal velgje anerkjente forvaltarar (sjå vedlegg 6.7 for informasjon om valt forvaltar) som er godkjente verdipapirføretak eller verdipapirfondsføretak (og underlagt tilsyn av offentlege tilsynsmyndigheiter).

I samband med val av forvaltarar skal det mellom anna leggjast vekt på:

- Kostnadsstruktur i forhold til alternative leverandørar
- Kvalitative eigenskapar – integritet / etikk, klar og konsistent investeringsprofil og solid organisasjon
- Tydeleg forvaltningsfilosofi og breie forvaltningsmandat
- Gode system for rapportering og kontroll

4.1 Handtering av relativ risiko

Relativ risiko er eit uttrykk for kor mykje dei enkelte delporteføljane kan svinge i forhold til utviklinga i den breie marknaden. Stiftinga sitt val av forvaltningsstil påverkar graden av relativ risiko og korleis denne blir handtert.

4.1.1 Valt forvaltningsstrategi: Aktiv forvaltning og bruk av UCITS-fond

Stiftinga har valt ein aktiv forvaltningsstrategi (sjå vedlegg 6.7), der målet er å oppnå betre risikojustert avkastning enn relevante marknadsindeksar gjennom selektiv fondsplukking og vurdering av marknadssituasjonar. Investeringane blir gjort utelukkande i UCITS-klassifiserte fond.

UCITS²-fond blir definert av Finanstilsynet³ som ein type verdipapirfond som tilfredsstiller felles europeiske reglar, og som har omfattande krav til mellom anna risikospreiing, likviditet, transparens, kapitalforvaltning og investorbeskyttelse.

Den relative risikoen i aktivt forvalta fond kan vere høgare enn ved indekxnær forvaltning, ettersom avvik frå referanseindeksen er ein del av strategien. Risiko blir eksponert gjennom forvaltar sine aktive avgjersler i fondet sin samansetning innanfor gjevne rammer. Om risikoen for kapitalen eller for stiftinga si ivaretaking av føremålet er høgare er avhengig av forvaltar sin prestasjon, horisont og utbetalingar. Relative avvik er venta, både positive og negative på kort sikt, men stiftinga legg opp til ein aktiv forvaltningsstrategi som over tid er venta å gje eit positivt bidrag.

4.1.2 Generell informasjon om passiv forvaltning (indekxnær forvaltning)

Som eit alternativ til aktiv forvaltning kan stiftinga sine midlar plasserast i kostnadseffektive, indekxnære fond (passiv forvaltning). I ei slik tilnærming er målet å spegle marknaden si avkastning med låg relativ risiko, og resultata vil i stor grad følgje utviklinga i den valte referanseindeksen. Avkastning og risiko vil då hovudsakleg vere bestemt av marknadsutviklinga, og ikkje av forvaltar si vurderingar eller dyktigheit.

4.2 Handtering av valutarisiko

Det blir ikkje stilt absolutte krav til valutasikring av porteføljen, og stiftinga aksepterer at valuta kan gje positive og negative verdiendringar. Stiftinga kan likevel velgje å valutasikre i dei tilfella dette synest føresmålstenleg.

4.3 Krav ved bruk av rentefond

Stiftinga følgjer Verdipapirfondenes forening (VFF) sin klassifiseringsstandard⁴ for rentefond. Standarden definerer kva informasjon rentefond på dagleg basis skal offentleggjere, og korleis denne skal bereknast (gjeld i første rekkje informasjon om avkastning, risiko og kostnader).

Standarden gjev vidare kriterier som skal leggjast til grunn ved klassifisering av likviditets- og obligasjonsfond, dvs. reglar for inndelinga av fonda i eigne grupper. Pengemarknadsfond er i Norge definert i samsvar med EU si pengemarknadsforordning, som er tatt inn i norsk rett.

Det skal nyttast diversifiserte rentefond som har ein låg til moderat kredittrisiko og som har god spreing og breidde på utstedere og tal papir. Aktivaklassen likviditetsfond/ pengemarknadsfond/ obligasjonsfond under kategorien rentefond skal vere "bufferen" i stiftinga sin portefølje, noko som betyr fokus på låg kredittrisiko.

Stiftinga skal aktivt søke å plassere midlane i rentefond, kjenneteikna med låge

² UCITS står for "Undertakings for Collective Investments In Transferable Securities".

³ <https://www.finanstilsynet.no/forbrukerinformasjon/verdipapirforetak-verdipapirfond-og-alternative-investeringsfond/#Verdipapirfondogalternativinvesteringsfond>

⁴ [Bransjestandarder - Verdipapirfondenes forening](#)

forvaltningskostnader og større minsteteikningsbeløp. Stiftinga skal generelt ikkje pårekna å måtte betale teiknings- og salsomkostningar for rentefond.

4.4 Krav til bruk av aksjefond

Av ressurs- og kostnadsmessige årsaker skal stiftinga inntil vidare i all hovudsak investere i kostnadseffektive aksjefond som er definert som UCITS-fond som følgjer VFF sin klassifiseringsstandard 5 for aksjefond.

4.5 Etiske og berekraftige vurderingar

Stiftinga søker å følgje dei etiske vurderingar som Etikkrådet⁶ kjem fram til, for å kunne spegle den «felles overlappende konsensus» som Stortinget har i forhold til etiske retningslinjer. Etiske føringar til indeksfond stiftinga investerer i, skal ikkje avvike vesentleg fra Etikkrådet sine vurderingar.

Unngå investeringar som bryt med stiftinga sitt føremål eller etiske retningslinjer.

5. Rutinar for rapportering

Månadsrapportering: Forvaltar skal levere månadsrapport som inneheld skriftleg informasjon med oversikt over:

- **Kundenivå porteføljerapport**
 - a. Porteføljeutvikling
 - b. Avkastning
 - i. Absolutt avkastning
 - ii. Avkastning mot referanseindeks
- **Generell månadsrapport**
 - a. Porteføljerisiko
 - i. Marknadsrisiko: volatilitet, standardavvik
 - ii. Renterisiko: durasjon, rentefølsamheit
 - iii. Kredittrisiko: fordeling på kredittkvalitet (rating)
 - iv. Valutarisiko: grad av valutasikring
 - b. ESG informasjon – på nettsida og på bestilling per fond

Løpande kontakt: Stiftinga og forvaltar skal ha dialog ved behov. Til dømes ved marknadsuro, behov for justeringar, spørsmål knytt til forvaltninga eller endra risikobilete.

Tilgang til informasjon: Stiftinga skal ha dagleg tilgang til oppdatert informasjon om porteføljeutvikling gjennom forvaltar sitt system eller annan avtalt løysing.

Styret har ansvar for å følgje opp rapporteringa, og for å vurdere om forvaltninga er i tråd med vedtekter, strategi og etiske retningslinjer.

⁵ [Bransjestandarder - Verdipapirfondenes forening](#)

⁶ Etikkrådet skal vurdere om investeringar i enkelte selskaper er i strid med *Statens pensjonsfond utland* sine etiske retningslinjer.

6. Vedlegg – frie midlar, kapitalbehov, disponering, investeringsstrategi og rebalansert portefølje

6.1 Frie midlar og andre nøkkeltal

Med "frie midlar" er det meint bankinnskot, mottatt utbytte fra SpareBank 1 Sør-Norge, aksjar i SpareBank 1 Sør-Norge definert som omløpsmidlar og fond definert som omløpsmidlar, fråtrekt allereie kortsiktige forpliktingar til gåver forutan antekne driftskostnader.

(Mill.kr)

Frie midlar	31.12.2024
Bankinnskot	34
Aksjar (definert som omløpsmidlar)	23
Fond Holberg	109
Kortsiktige forpliktingar gåver	- 19
Sum frie midlar	147
Andre nøkkeltal	
Driftskostnader	3
Driftskostnader i % av frie midlar	2 %
Utbytte fra banken	49
Avkastning fond	3

6.2 Kapitalbehov i SpareBank 1 Sør-Norge

For å vurdere framtidige emisjonsbehov i SpareBank 1 Sør-Norge er det nyttig å sjå på utsiktene til banken, som skildra i deira årsrapport⁷ og Pilar 3-rapport.

I 2024 skriv banken i sin årsrapport at det basert på myndigheitene sitt krav til rein kjernekapitaldekning og forventning til kapitalkravsmargin, er konsernet sitt mål å ha rein kjernekapitaldekning på minimum 17,56 %. Konsernet er ved utgangen av 2024 solid med god margin til myndigheitsbestemte kapitalkrav.

I rapporten for Q3 2025 skriv banken at det basert på myndigheitene sitt krav til rein kjernekapitaldekning og forventning til kapitalkravsmargin, er konsernet sitt mål å ha rein kjernekapitaldekning på minimum 17,53 %. Krav til rein kjernekapitaldekning er venta å bli redusert til 17,06 % i samband med Finanstilsynet sitt førehandsvarsel om vedtak om samla kapitalbehov i pilar 2 og venta kapitalkravsmargin. Med bakgrunn i berekna effektar av regulatoriske endringar er det styret si vurdering at SpareBank 1 Sør-Norge er godt posisjonert for lønsam vekst og sterk kapitaldistribusjon.

Per 2025 ligg banken godt over gjeldande kapitalkrav, med moglege lempingar og venta

⁷ [Rapporter | SpareBank 1 Sør-Norge](#)

synergier etter fusjonen som ytterlegare kan styrke kapitalposisjonen.

I eit normalscenario er det ikkje venta noko umiddelbart emisjonsbehov, og eventuelle kapitaltilpassingar kan handterast gjennom utbytte eller tilbakekjøp.

I eit stressscenario – der tap, utlånsvekst og regulatoriske innstramingar skjer samtidig – kan det derimot oppstå behov for å styrke rein kjernekapital. Eit slikt scenario kan innebere emisjonar for å løfte CET1-nivået med 0,5-1,5 prosentpoeng. Gitt SpareBank 1-Stiftinga Kvinnherad sin eigarandel på 1,7 % kan dette innebere eit betydeleg, men handterbart, potensielt emisjonsbidrag på mellom 17 mill.kr til 51 mill.kr.

Historisk sett har SpareBank 1-Stiftinga Kvinnherad bidratt inn i emisjonar i 2012 og 2023 med høvesvis 4,2 mill.kr og 35,5 mill.kr.



6.3 Disponering av årsresultat

Disponering av årsresultat	Norm	Maksimum	Minimum
Utdeler g�ver	35 %	70 %	20 %
Bygge g�vefond	55 %	80 %	10 %
Avsetning til annan egenkapital	10 %	30 %	5 %

6.4 Uavhengig kontrollfunksjon

Yngvar Skarveland, fastm tande varamedlem i styret er valt inn som uavhengig kontrollfunksjon.

6.5 Langsiktig investeringsstrategi

Aktivaklasse	M�l	Maksimum	Minimum
Aksjefond	60 %	70 %	50 %
Rentefond	40 %	60 %	30 %
Pengemarknadsfond, likviditetsfond og obligasjonsfond	20 %	30 %	15 %
H�grentefond	20 %	30 %	15 %

6.6 Langsiktig portefølje etter rebalansering 11.06.2025

Aktivaklasse	Portefølje ved forrige rebalansering	Mål	Maksimum	Minimum	Referanseindeks
Aksjefond	60 %	60 %	70 %	50 %	-
Norge/Norden	25 %				
Holberg Norge	10 %				Oslo Børs Fondindeks (OSEFX)
Holberg Norden	15 %				VINX Benchmark Cap Net Index
Utland	35 %				
Holberg Global	15 %				MSCI Daily TR Net World
Holberg Global Valuta	10 %				
Holberg Triton	5 %				
Holberg Vekstmarkeder	5 %				MSCI Daily TR Net Emerging Markets
Rentefond	40 %	40 %	60 %	30 %	
Pengemarknadsfond, likviditetsfond og obligasjonsfond	15 %	20 %	30 %	15 %	
Norge/Norden					
Holberg Likviditet	15 %				
Høgrentefond	25 %	20 %	30 %	15 %	
Holberg Kreditt	25 %				

6.7 Oppsummering av innhold i avtale med eksisterende forvaltar og fullmakter

SpareBank 1 Stiftinga fekk tilbud på langsiktig forvaltning fra Holberg Fondsforvaltning Kvinnherad i møte 22.februar 2023. Teikningsblanketten blei signert av stiftinga 5.oktober 2023.

Holberg gjev månedleg ut informasjon til sine kundar via [Holberggrafene | Holberg](#). I tillegg blir ein kundespesifikk rapport om porteføljesamansetninga delt med stiftinga kvar måned.

Under er det oppsummert nokre punkt frå tilbudsmøte den 22.februar 2023:

Investeringsfilosofi rentefond

- Lav renterisiko**

Vi tror det er vanskelig å skape meravkastning i renteporteføljer basert på renteveddemaal og bruker derfor lite tid på dette. Vi er skeptisk til prognostisering og har derfor ikke et eget rente- eller makrosyn. Alle våre rentefond har lav renterisiko.
- Klart definert kredittrisiko**

Vi søker å skape meravkastning i våre rentefond ved å ta kredittrisiko innenfor klart definerte rammer knyttet til kredittkvalitet på selskapene vi investerer i. Vi baserer våre investeringsrammer på offisielle kredittkarakterer (rating) fra kredittvurderingsbyråer og kredittanalyser fra nordiske meglerhus.
- Fleksibilitet**

Vi tror det i noen markedsfaser er viktig å være "lett på foten", spesielt i perioder med stor markedsturbulens. Vi prøver å forvente det uventede og søker å utnytte irrasjonell investoradferd.

Investeringsfilosofi aksjefond

➤ Aktive forvaltere

Vi er **aktive forvaltere** med en målsetting om å skape høyest mulig risikjustert avkastning over tid i forhold til det enkelte fonds investeringsunivers. Vi er **indeksuavhengige** i sammensetningen av våre porteføljer. Vi har **konsentrerte porteføljer** der hvert selskaps porteføljevekt er meningsfull og disiplinierende. Risiko søkes redusert gjennom selskapsmessig, sektormessig og geografisk diversifisering.

➤ Langsiktighet

Vi har en langsiktig tilnærming til våre investeringer ut i fra bevisstheten om at verdiskapningen i bedriftene skjer over flere år. Vi er skeptisk til prognostisering av makroøkonomisk utvikling og aksjemarkedets kortsiktige bevegelser.

➤ Selskapsfokus og bærekraft

Vårt fokus er primært rettet mot selskaper gjennom egne analysemodeller, bedriftsbesøk og krysspeiling. Vi søker å investere i selskaper med fokus på langsiktig verdiskapning tuftet på en bærekraftig forretningsmodell.



Det vises her til kundemøte i Rosendal 22.februar 2023. Forslaget er basert på vår dialog og tilbudsforespørsel fra Stiftinga. Det vil gjennom vårt forslag være svært enkelt å reallokere, kjøpe eller innløse midler da alle våre fond handles med daglig likviditet.

For en langsiktig investor er det fornuftig å ha et stort innslag av aksjer, da dette er det nærmeste du kommer verdiskapningen i samfunnet og således der man kan oppnå høyest forventet avkastning. Renteandelen vil være forbundet med vesentlig lavere risiko og vil kunne brukes som en fornuftig likviditetsstyring.

Forslag på 60/40 portefølje som Stiftinga foreslo som et utgangspunkt.

60% i aksjefond

25% i Holberg Global
15% i Holberg Norden
10% i Holberg Norge
5% i Holberg Triton
5% i Holberg Rurik

Om Triton og Rurik blir for spisse mandater for Stiftinga er det naturlig å øke opp i Global og Norden/Norge.

40% i rentefond

20% i Holberg Kreditt
20% i Holberg Likviditet

Forventet langsiktig årlig avkastning for vårt porteføljeforslag ligger i området 7,0-8,0%.

De siste 10 årene har porteføljen levert en totalavkastning på 139% eller 9,1% årlig. Dette er avkastning etter kostnader. Fremover må vi kanskje forvente noe lavere avkastning på aksjedelen enn det man har fått de siste 10 årene, mens man kan forvente høyere avkastning på rentedelen enn man har fått siste 10 år.

Som vi diskuterte i møte kan det være en god ide og rebalansere porteføljen tilbake til utgangspunktet, 60% aksjer og 40% renter, en gang i året.

Berekraftsinformasjon

Holberg sine retningslinjer for bærekraft og ansvarlige investeringar ligg på deira heimeside: <https://www.holberg.no/om/baerekraft>

Holberg og deira porteføljeselskap er heilt avhengig av å forstå kva endringar som er nødvendige for å ta betre vare på kvarandre og omgjevnadane. Alle investeringar skal, etter grundige vurdering, ha bevist vilje og evne til endring og ha klare ambisjonar om forbedring. I ein

berekraftig forretningsmodell skal langsiktig verdiskaping og berekraft gå hand i hand.

Bærekraft i Holberg



19

I Holberg skal vi skal søke informasjon, bidra til transparens og bygge oss erfaring og kunnskap. Dette tror vi vil gjøre vår analyse og seleksjon bedre, og at det vil bedre vår forståelse og håndtering av ulike typer risiko. Vi vil delta aktivt i diskusjoner, dele vår erfaring og bidra til å spre faktabasert kunnskap.

Høy kapitalavkastning Overbevisende vekstutsikter Ledelsestillit Bærekraft Eierfokus Regnværsbeskyttelse Grådig billig ETIKKRÅDET STATENS PENSJONS FOND UTLAND PRI Principles for Responsible Investment CDP Climate Disclosure Project norsif	Vi søker å investere i selskaper med fokus på langsiktig verdiskaping tuftet på en bærekraftig forretningsmodell. For oss er det avgjørende å ha tillit til at ledelsen har evne og vilje til å gjennomføre tiltak som sikrer etterlevelse av dette. Oppfyller ikke et selskap våre krav til bærekraft, vil vi ikke eie det. Bærekraft er en integrert del av vår investeringsprosess der vi prøver å forstå om selskaper drives i tråd med allmenne miljømessige, etiske og sosiale normer. Konsentrerte porteføljer gjør det lettere å vurdere det enkelte selskapets og ledelsens holdning til langsiktig bærekraftig utvikling. Ansvaret for disse vurderingene ligger hos våre porteføljeforvaltere. Selskaper som på etisk grunnlag blir ekskludert fra investering i Statens pensjonsfond utland, vil også bli utelukket fra våre fond. Vi har signert Principles for Responsible Investment (PRI), og etterlever de seks prinsippene for ansvarlige investering. Vi har signert CDP (Climate Disclosure Project), et globalt initiativ som innhenter og deler informasjon om klimagassutslipp og klimastrategier fra investorer, selskaper og byer. Vi er medlem av Norsif (Norsk forum for ansvarlige og bærekraftige investeringer)
--	---

7.Versjonslogg

Dato oppdatert	Endringar
Nov/des 2025	Oppdatert layout i heile dokumentet Kapittel 1 Føremål: - Oppdatert med nytt namn på bank og nokre små justeringar med tilvising til vedtekter Kapittel 2 Målsetjingar: - Oppdatert tal på frie midlar og tabell som viser utrekning i vedlegg 6.1 og oppdatert fotnote 1. Ligg vesentleg høgare enn 2014. Lagt til tekst om dette. - Lagt til tekst om berekraft - Oppdatert tekst om forsvarleg forvaltning - Fotnote 2 er fjerna og lagt som vedlegg 6.2 om kapitalbehov i banken - Flytta opp tekst om avhengigheita av utbyttekapasitet til banken – låg tidlegare i avsnitt 3.6 om forventa avkastning Kapittel 3 Rammer: - Lagt til informasjon om organisering av kapitalforvaltninga med overordna prinsipp med referanse til lover, styret sitt ansvar, oppgåver til administrasjonen og krav om uavhengig kontrollfunksjon (lagt til vedlegg 6.4) - Flytta høgrentefond frå ekskluderingsliste til punkt 3.5 om langsiktig investeringsstrategi - Oppdatert informasjon om avkastningsønsket og knytt dette opp mot dagens avtale med forvaltar frå 2023 - Lagt inn tabell under punkt 3.5 i vedlegg 6.5 og oppdatert prosentfordeling og tatt ut generelle indeksar som ikkje er relevante. Lagt til høgrentefond under rentefond. Auka del aksjefond fra 35% i 2014 til 60% i 2024 og 40% rentefond i samsvar med dagens avtale med forvaltar. - Punkt 3.6 om venta avkastning er fjernet Kapittel 4 Val av forvaltarar - Vise til oppsummering av dagens forvaltningsavtale i vedlegg 6.7 - Oppdatert avsnitt om handtering av relativ risiko til å reflektere dagens val av aktiv forvaltning hos Holberg med kun kjøp av UCITS-fond. - Laga eit generelt avsnitt om passiv forvaltning til informasjon Kapittel 5 Rutinar for rapportering - Oppdatert med detaljer om kva forvaltar skal levere i månadsrapportering (delt inn i kunderapport og generell rapport), løpande dialog med forvaltar og tilgang til informasjon Kapittel 6 Vedlegg - Lagt inn alle tabellar med tal og forutsetningar som bør gjennomgåast årleg i vedlegg. - Lagt til oppsummering av informasjon om valt forvaltar i vedlegg 6.7 Kapittel 7 Versjonslogg - Oppretta for å lettare kunne følgje opp justeringar i retningslinene.